



**Også ein flokk uskedelinger er undervegs til Norway Cup på Ekebergsletta i Oslo. Dei reiste med buss frå Grano klokka 8.00. Det var ein humørfyllt, men litt trøtt gjeng som gjekk på bussen denne strålande laurdagsmorgonen. Håkon Mehl sat ved rattet.**

Desse åtte uskedelingane reiste (frå venstre på biletet over): Margareth Sæle, Vegard Døssland, Dag Rune Myklebust, Ida Røssland, Benjamin Taranger, Monica Helen Kårstad, Ingeborg H. Lunde og Silje Bråttun. I tillegg gjekk 5 jenter frå ytre luten og Halsnøy på bussen. Dei skal og spela på Rosendalslaget. Det kjem kjem også til fleire uskedelinger undervegs.

Det er 3 lag frå Rosendal og Rosendal/Uskedal som skal vera med i den gigantiske turneringa: Småjenter 14/14 år, gutar 15/16 år og jenter 15/16 år. Det er uskedelinger med på dei to eldste laga. Gutelaget møter Sykkylven, Søndre Land og Marienburg-Garchina frå Russland i innleiingsspelet. Jentelaget møter Tambarskjelvar, Arnadal/Vear, Sokndal og Falkeid. Småjentelaget møter Vindafjord S, Øvrevoll Hosle og Snøgg 1.

Det vert opplevelsesrike og varme dagar på Ekebergsletta.

Av Thor Inge Røssland.